

OSTERØY KOMMUNE  
Geitaryggen 8  
5282 LONEVÅG

---

<b>Dato</b>	08.03.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/33298-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Mohamad Haj-Khaled
<b>E-post</b>	Mohamad.Haj-Khaled@vlfk.no
<b>Telefon</b>	48675757

Att.Roald Hovden

## Grave- og framføringsløyve for vassleidning - Fv 5422 - Gjerstadvegen - Osterøy kommune

Vi viser til dykkar søknad av 07.02.2023

### Vedtak

Med heimel i veglova §§ 32 og 57 gir vi grave- og framføringsløyve for å etablere vassleidning i fylkesveg 5422 i Osterøy kommune.

Løyve gjeld følgjande vegreferanse:

### Kryssing:

Fv 5422 S1D1 m9001

*Forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av leidningar over, under og langs offentleg veg (leidningsforskrifta) av 8. oktober 2013 med seinare endringar, vert lagt til grunn for vedtaket, og Veilederen for ledningsforskriften av 19.05.2022 gjeld for arbeidet.*

### Følgjande vilkår gjeld:

1. Leidningen skal leggjast med overdekning på minst 1 meter, jf. leidningsforskrifta § 5. Utkiling, grøfteprofil, og skjering/fresing av asfalt med tilhøyrande reasfaltering skal utførast i samsvar med retningslinene nemnt ovanfor.
2. De kan ikkje regne med å få stenge vegen. Det er Statens vegvesen som skal behandle søknad om arbeidsvarsling ved arbeid på fylkesveg. Sidan det skal sendast søknad om arbeidsvarsling til Statens vegvesen før arbeidet er tenkt starta, må de finne ei løysing for korleis de skal gjere arbeidet utan å stenge vegen.
3. De må sende søknad om arbeidsvarsling til Statens vegvesen i god tid før arbeidet er tenkt starta. I søknaden må de leggje ved kopi av dette løyvet. Skriv saksnummeret vårt og gyldighetsdato for dette løyvet i arbeidsvarslingsplanen de sender til Statens vegvesen for godkjenning.
4. Vi viser til gjeldande rutinar for graving og legging av leidningar for krav til utkiling, fortanning og fresing i samband med grøft. Det skal vere utkiling på minimum 1 m på kvar side av grøftkantene, og ein utkiling skal her ha ei djupn på minimum 0,5 m.
5. De skal setje vegområdet i fullgod stand etter arbeidet. Dersom vegområdet ikkje vert sett i fullgod stand, eller det vert setningsskade i vegdekke etter arbeidet, må de ta arbeid og kostnad med reparasjon av skadane. Det skal ryddast og feiast av eventuelle ureiningar som kan ha kome i vegen grunna dykkar arbeid.

6. Ein del av istandsettinga er å reetablere vegobjekt som for eksempel vegoppmerking, mur, skilt, rekkverk osv. Eksisterande vegobjekt skal ikkje skadast, og skadde vegobjekt skal reetablerast. Reetablering gjeld også grøntområde, og vegens sideareal. Grøntområda skal verte sådd til og haldast ved like fram til nytt vegetasjonsdekke er etablert. Blir det setningar i grøntområde eller vegens sideareal må de tilføre egnande massar.
7. Ved asfaltering skal asfalten og komponentane ha same kvalitet eller betre enn dagens dekke, og all reasfaltering skal maskinleggast med asfaltutlegger og asfaltvals. Vidare skal reetableringa av asfaltdekke samsvare i tjukkleik og ha det same talet på asfaltlag. Saman med eigenkontrollskjemaet skal de sende inn leggjerapport og asfaltresept.
8. Ved graving i vegbane/kørefelt skal det reasfalterast i heile vegbanen/kørefeltet si breidde i høve til «Veilederen for ledningsforskriften». Vidare skal de alltid reasfaltere på tvers av vegbanen/kørefeltet, og kantane skal bli reinskoren. Mot skoren kant og på utfrest underlag for fortanning skal de mellom gamal og ny asfalt bruke klebemiddel. De må foreta utgraving og asfaltering rundt eventuelle kummar slik dette kjem fram i «Veileder for ledningsforskriften». Dersom det eksisterer ein gamal asfaltkant nærmare graveområdet enn 2 m skal de asfaltere fram til denne. Det skal asfalterast fram til og med eventuelle nærliggjande asfaltskøyter eller asfaltskadar. Ved all nyasfaltering skal det ikkje vere nivåforskjell mellom gamalt og nytt asfaltdekke, og kravet til nivåforskjell gjeld også mellom kum og nytt asfaltdekke. Asfaltskøyt mellom nytt og gamalt asfaltdekke skal alltid bli forseglad med bitumen.
9. De skal ikkje røre rekkverket eller fundamentet til rekkverket i samband med arbeidet, og det skal ikkje kome setningssskade i samband med rekkverket som følgje av dykkar arbeid. Dersom det ikkje er mogleg å unngå å røre rekkverket eller fundamentet skal de bytte stolper og rekkverk etter dagens gjeldande krav. De må ha mellombels sikring medan arbeidet blir gjennomført.
10. Entreprenør som utfører arbeid på vegne av leidningseigar må tilfredsstillе krava gjeve i leidningsforskrifta § 11, og skal ha ansvarsforsikring på minimum 150 G.
11. De er sjølv ansvarleg å innhente løyve frå kommunen, kulturavdelinga hjå fylkeskommunen eller andre offentlege instansar som får følgjar av leidningsanlegget. I tillegg er de ansvarleg for å undersøkje eventuelle fornminne, naturreservat og andre slags vern i samband med gravearbeidet.
12. Graving/framføring over avkøyrslе eller anna eigedom må avklarast med grunneigar.
13. De er ansvarleg for all skade som kjem på vegområdet eller tredjemann på grunn av leidningsanlegget.
14. De er ansvarleg for at drenering- og overvasssystemet i og langs fylkesvegen ikkje vert skada av gravearbeidet.
15. De har sjølv plikt til å undersøkje om det ligg kablar eller andre innretningar på staden som kan bli skadde av arbeidet. Graving/boring skal berre skje etter at eksisterande leidningar er påvisst.
16. Leidningseigar er ansvarleg for å gjennomføre ei kartlegging blant andre leidningseigarar for koordinering og samkøyring av arbeidet, og for å informere om moglegheitene til å leggje røyr medan arbeidet går føre seg. Dette gjeld framføringstrasear for legging av tele- og datakablar,

fjernvarmeledningar, vatn- og avlaupsledningar, etc. som er lengre enn 40 meter og/eller som kryssar ein veg.

17. Dersom leiðningsanlegg, plassert på Vestland fylkeskommune sin grunn og/eller nærare vegkant enn 3,0 meter, må flyttast på grunn av seinare vegtiltak, vil leiðningseigaren bli pålagt å utføre dette for eiga rekning, jf. § 16 i leiðningsforskrifta.
18. Mogleg ulempe for leiðningsanlegget ved fylkeskommunen sin seinare vedlikehalds/reparasjons- og utbetringararbeid, er fylkeskommunen uvedkommande. Det kan ikkje seinare gjerast gjeldande erstatningskrav overfor fylkeskommunen for skadar og ulemper som er påført innretninga grunna nærleik til vegen.
19. Dersom gravearbeidet og/eller istandsettinga ikkje blir utført i samsvar med våre vilkår eller slik det er avtala med Fylkeskommunens representant, kan fylkeskommunen utføre arbeidet for utførande entreprenørs/leiðningseigars rekning.
20. Garantitida vert sett til 5 år og startar når eigenkontrollskjemaet er motteke.
21. Arbeidet må vere avslutta innan 15.06.2023.

### Sluttdokumentasjon av arbeidet

Alle kablar og røyr, i kryssingar og langsgåande trasear som går på veggrunn, skal målast inn i høve SOSI-standarden og vedlagte objektspesifikasjon, og skal sendast i SOSI-format.

Skjema for eigenkontroll med bilete før, under og etter arbeidet sendast inn seinast 14 dagar etter at arbeidet er avslutta.

All dokumentasjon skal sendast til [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no), merka med saksnummeret.

Forskrifter, rutinar og skjema kan hentast ut her:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### Klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Med helsing

**Linda Hjelmeland**  
Fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Mohamad Haj-Khaled**  
ingeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Entreprenørens egenkontroll ved arbeid i offentlig veg**
- 2 Gravemelding Objektspesifikasjon**
- 3 Prinsippskisse - grøft som kryssar veg**
- 4 Prinsippskisse asfaltering etter gravearbeid**

Kopi til:

FYLLINGEN MASKIN AS

Postboks 120 Kokstad

5863

BERGEN